

10.05.2010

Fjelly-treff på torsdag**Torsdag 13. mai (Kristi Himmelfartsdag) blir det Fjelly-treff fra klokka 13.**

Hyttestyret oppfordrar bygdefolk og andre som liker å gå i fjellet til å ta turen opp tilhytta denne dagen. Det vil vera natursti frå starten av fjellvegen på Haugland med postar heile vegen fram til hytta.

Hyttestyret held fram:

Ved Fjelly vil det vera sal av kaffe og lappar, mogelegheit for å grilla medbrakt samt andre aktivitetar for både små og store. Kanskje er det nokon som vil låna båten og prøve fiskelukka?

Det har i mange år vore mogeleg for bygdefolk å låne hytta, men bruken har ikke vore stor. Det kostar nesten ingenting å leige Fjelly, med til dømes båt og garn, så det kan ikke vera prisn det står på.

Difor er vi no ein liten gjeng som ynskjer å ta i eit tak, slik at både bygdefolk, turister og andre som er tilknytta bygda vår, får augene opp for mogelegheitene som ligg i fjellet vårt.

Det er kome nokre nye møblar på plass, og vi vil i tillegg setja i gong med å pussa opp innvendig. Vi kan mellom anna nemna at dei gamle "sovealkovane" i stova vil få ny panel på veggene, samt at madrassane vert skifta ut.

Vel møtt på Fjelly og til ein triveleg dag i fjellet.

Om vergudane skulle slå seg heilt vrange, kan det vera at vi må utsetja. Melding om dette vil eventuelt koma på uskedalen.no